



Kva no med båthamnane og eigedomsskatten? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Under sterk tvil utvida Fleirtalspartia eigedomsskatten til også å gjelda privatpersonar og næringsliv. Men sjølv om trongen for å få løyst kommunale oppgåver var stor, var intensjonen at ein skulle likehandsama. Mellom anna vart det peika på private barnehagar og vassverk opp mot liknande kommunale. Dette vart det sett mykje inn på av enkelte politikarar skulle skje.

Kommunens Hans Olav Fernsteinevik seier til uskedalen.no etter kommunestyremøtet at han ikkje kan gå inn for å gå inn for å gjeva fritak for gardsbarnehagen i Uskedalen og traktormuseet til Asbjørn Olsen i Uskedalen, som er under oppbygging, og ein del andre ting som er samfunnsnyttige.

Han let det, som ofte ikkje er uvanleg innan det offentlege, bokstavane i paragrafane styra. Politisk intensjon, skjønn og vurdering vert ikkje teke med. Den formelle organisasjonsforma er viktigaste!!

Gode meiningar

Eg likar at uskedalen.no let Uskedalens kommande fremste politikar, Gunn Mari Moberg frå det tidlegare kulturpartiet Høgre, ofte få god spalteplass. Ho fortener ros, men av og til kan det vera ønskjeleg at gode meiningar til Fleirtalspartia også kjem noko meir til orde.

På ovannemte område var enkelte innan Fleirtalspartia som tok opp det uheldige med eigedomskatt på desse to Uskedalstiltaka, på enkelte hus rundtom, ja, også på private båthamner.

Kommunestyret var invitert til å røysta for ei liste som skulle få fritak og ei som skulle få avslag for eigedomsskatt

- på den siste lista var gardsbarnehagen og Olsens museum. Frå enkelte i rådhuset er det sagt at det er ikkje noko klagemulighet på dette vedtaket, men då rådmannen på møtet svara at det var høve til å klaga for den enkelte, røysta nokre politikarar på det. Eg har tillit til rådmannen og derfor røysta eg slik!

Ikkje-fritakslista

Derfor er det no viktig at dei på den vedtekne ikkje-fritakslista, følgjer opp rådmannen sine ord, og ber på nytt om fritak.

Etter mange politikarars meining er det nemleg slik at nokon på den lista, bør få spara dei pengane.

Elles er det interessant kva som skjer med båthamnene og eigedomsskatt. Her har fleire båthamner sendt inn søknad om fritak tidlegare - utan reaksjon frå kommunen.

Det er nok enkelte som meiner at har ein råd til båt og båthamn, kan ein betala nokre kroner ekstra til kommunen for båthamplass. På ei anna side er det å ha båt fritidsnyttig, fritidsfyllande, rekreasjonsfremjamde og fint sosialt, og å ha båtplassar til disposisjon i kommunen kan vera eit av dei mange lokkemidlane Kvinnherad kan nytta for å få tilflyttarar til kommunen.

Det skal verta spennande å sjå korleis rettssakene mot kommunane om eigedomsskatt på båthamner vil enda.

Torfinn Myklebust